

ANDERS SVOR

LIVSLØP

- 1864 Født 14. desember på midtre Svor gard i Hornindal som tredje son til mor Ragnhild Svor, født Seljeset og far Rasmus A. Svor.
Anders Svor hadde to eldre brør og fire yngre syste. I ungdommen synte Anders Svor talent for treskjering, - eit tradisjonelt bygdehandverk
- 1881 Treskjerarlærling ved Brødrene Hals Pianofabrikk i Christiania, etter råd frå sokneprest Schaanning og anbefalingar frå vegdirektør Hans H. Krag.
- 1882 Den Kongelige Tegneskole, Christiania.
Studerte i modellerklassen til Julius Middelthun.
- 1884 Debuterar på den fyrste Statens Kunstutstilling, Haustutstillinga.
- 1886 København. Studiar med bilethoggarane Stephan Sinding i to månader.
Studerar hogging i marmor under professor Vilhelm Bissen.
- 1886 – 88 Kunstakademiet i København, under professor Theodor Stein.
- 1889 – 92 Bur og arbeidar i København.
- 1891 Deltok på utstilling i Berlin. Mottek gullmedalje for skulpturen David.
Skulpturen gjekk seinare tapt under transport frå Chicago til Oslo.
- 1891 Vinn konkurranse om Tordenskiold-monumentet i Kristiania.
Fyrst vann han 3. premie, men etter ny utlysing: 1. premie.
Får likevel ikkje oppdraget, som vert tildelt den svenske målaren Axel Ender.
- 1892 Anders Svor bur ei tid heime i Hornindal.
- 1893 Flytter attende til Oslo
- 1894-95 Bur i Paris etter tildeling av kunstarstipend.
- 1895 Busett seg i Oslo. Arbeider i kortare periodar ved Nidarosdomen i Trondheim.
- 1899 Atelier og bustad i St. Olavsgt. 29, (Alfheimgården).
- 1929 Dør 2. mai på sitt atelier i Oslo
- 1929 Gravlagd ved Hornindal kyrkje
- 1953 12.juli, høgtidleg vigsling av Anders Svor Museum i Hornindal